

Månad: desember 2021

AKTIVITET

| Psykisk helsevern | Denne periode | | | | | Til no i år | | | | |
|---------------------------------------|---------------|-------|----------------|--------|------------------|-------------|--------|----------------|--------|------------------|
| | Faktisk | Plan | Avvik frå plan | I fjor | Avvik frå i fjor | Faktisk | Plan | Avvik frå plan | I fjor | Avvik frå i fjor |
| Psykisk helsevern vaksne | | | | | | | | | | |
| Tal heildøgnsopphald | 1 469 | 1 502 | -33 | 1 406 | 63 | 17 948 | 18 000 | -52 | 17 059 | 889 |
| Tal utskrivne pasientar | 76 | 83 | -7 | 97 | -21 | 918 | 1 030 | -112 | 1 066 | -148 |
| Polikliniske kons. m/refusjon | 1 842 | 1 964 | -122 | 1 683 | 159 | 22 471 | 26 500 | -4 029 | 23 686 | -1 215 |
| Rus | | | | | | | | | | |
| Tal heildøgnsopphald | 469 | 580 | -111 | 510 | -41 | 6 006 | 7 070 | -1 064 | 5 734 | 272 |
| Tal utskrivne pasientar | 11 | 19 | -8 | 18 | -7 | 172 | 240 | -68 | 186 | -14 |
| Polikliniske kons. m/refusjon | 247 | 247 | -0 | 198 | 49 | 2 526 | 2 975 | -449 | 2 687 | -161 |
| Psykisk helsevern barn og unge | | | | | | | | | | |
| Tal heildøgnsopphald UPH | 141 | 92 | 49 | 104 | 37 | 1 325 | 1 250 | 75 | 1 359 | -34 |
| Tal utskrivne pasientar UPH | 7 | 5 | 2 | 10 | -3 | 85 | 80 | 5 | 92 | -7 |
| Polikliniske kons. m/refusjon | 1 374 | 1 244 | 130 | 1 298 | 76 | 18 232 | 17 500 | 732 | 16 769 | 1 463 |

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)

Aktiviteten innan PHV for vaksne har vore svakare enn plan i perioden for poliklinikk, medan døgnpastane har hatt aktivitet på nivå med plan. Vi har utfordringar med vakante stillingar, og arbeider aktivt med rekruttering.

Innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) har aktiviteten vore lågare enn plan i perioden. Akkumulert er aktiviteten om lag som førre året.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten i perioden har vore god innan poliklinikk og vi ligg akkumulert føre plan og fjoråret. Det er framleis svært stor tilstrøyming av nye tilvisingar til psykisk helsevern for born og unge, og dette er krevjande å følgje opp med tilgjengelege ressursar. Også ved ungdomsposten for psykisk helsevern (UPH) har aktiviteten vore god i perioden.

Beleggsprosent døgnsesjonar
Reell beleggsprosent, desember 2021, klokka 7


| Institusjon | Klinikk | Post | Siste 12 mnd | I vald periode | Avvik frå gj.snitt siste 12 mnd | Pasient på korridor |
|----------------|-------------------|--------------------------------|--------------|----------------|---------------------------------|---------------------|
| HELSE FØRDE HF | Psykisk helsevern | Akutt Døgn, Psyk.Førde | 73 % | 62 % | -11 % | 0 |
| HELSE FØRDE HF | Psykisk helsevern | DPS Allmenn Førde | 69 % | 55 % | -14 % | 0 |
| HELSE FØRDE HF | Psykisk helsevern | DPS psykose Førde | 69 % | 85 % | 16 % | 0 |
| HELSE FØRDE HF | Psykisk helsevern | ISP Døgn | 59 % | 53 % | -6 % | 0 |
| HELSE FØRDE HF | Psykisk helsevern | Lokal tryggleikspost Førde | 93 % | 100 % | 7 % | 0 |
| HELSE FØRDE HF | Psykisk helsevern | NPS Døgn | 71 % | 73 % | 2 % | 0 |
| HELSE FØRDE HF | Psykisk helsevern | NPS Rus | 48 % | 50 % | 2 % | 0 |
| HELSE FØRDE HF | Psykisk helsevern | Ruspost Tronvik | 72 % | 80 % | 8 % | 0 |
| HELSE FØRDE HF | Psykisk helsevern | Ungdomspost for psyk.helsevern | 50 % | 48 % | -2 % | 0 |
| Totalt | | | 66 % | 64 % | -2 % | 0 |

ØKONOMI

Helse Førde er ikkje ferdig med årsoppgjeret og presenterer derfor ikkje økonomisk resultat for desember.


MEDARBEIDARAR

Månadsverk:



Gjennomsnittleg tal brutto månadsverk siste tolv månader er 468. For eitt år sidan var dette talet 437. Auken skuldast hovudsakleg etablering av tryggingsspost i Førde.

Sjukefråvær:




Sjukefråværet var 7,8 prosent i november mot 9,2 prosent i same periode førre år.


Gjennomsnittleg sjukefråvær siste 12 månader var 7,4 prosent. For eitt år sidan var dette talet 8,2 prosent.

KVALITET

Epikrise



I november var 82 prosent av epikrisene innan PHV sendt innan sju dagar, og 45 prosent var sendt innan ein dag.




I november var 93 prosent av epikrisene innan TSB sendt innan sju dagar, og 28 prosent var sendt innan ein dag.

Korridorpatientar

Det er ikkje registrert korridorpatientar i desember 2021.


Ventetid for ventande ved slutten av perioden



Det er 286 pasientar som ventar på behandling ved utløpet av perioden. Dei har i snitt venta i 35 dagar.

I same periode i 2020 var det 243 pasientar som venta på behandling, med gjennomsnittleg ventetid på 27 dagar.

Ventetid der behandling er starta i perioden



Dei 156 pasientane som har fått starta si behandling i perioden, har i snitt venta 38 dagar før behandlinga tok til.

I same periode i 2020 var det 122 pasientar som hadde gjennomsnittleg ventetid på 27 dagar før dei fekk starta behandling.

Fristbrot

| Eining med fristbrot | For ventande ved periodeslutt |
|--------------------------------|--------------------------------------|
| | Pasientar |
| Psykisk Helsevern Barn og Unge | 2 |
| Indre Sogn Psykiatrisenter | 0 |
| Nordfjord Psykiatrisenter | 0 |
| Psykiatrisk klinikk | 0 |

Vi har to fristbrot ved Nordfjord BUP grunna kapasitetsutfordringar.